



RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV TILSKOT FRÅ UNGDOMSRÅDET I VOSS HERAD

Vedtekne av Ungdomsrådet 13.10.2025, sak 30/25

§1 Desse kan søkje om tilskot:

Det kan ystast tilskot til organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar som driv eller vil starte opp kulturverksemd for ungdom i Voss herad. Med kulturverksemd meiner ein verksemd som har eit kulturelt/sosialt føremål i seg og som kjem ungdom i Voss herad til gode. Kulturverksemd for ungdom, driven av ungdomen sjølve, vil verte prioritert.

§ 2 Fylgjande tilskotsordningar gjeld:

1. Oppstartstilskot

Det kan søkjast om tilskot til oppstart av verksemdar som fell inn under § 1. Verksemda må ha eit kulturelt/sosialt føremål i seg, og kome ungdomen i Voss herad til gode.

2. Tilskot til einskilde arrangement og tiltak

Dette gjeld søknad om tilskot eller garanti til einskilde arrangement og tiltak, herunder kjøp av utstyr og inventar til møtestader for ungdom. Arrangementa/tiltaka må ha eit kulturelt/sosialt føremål i seg og kome ungdomen i Voss herad til gode, og ikkje vere basert på økonomisk vinning (t.d. basar, marknad, auksjon).

3. Tilskot til andre ungdomstiltak

Her kan det ystast tilskot til føremål som fell utanfor dei ordningane som er nemnde så langt, men som ein likevel, ut frå ei samla vurdering, finn det rett å støtte.

§ 3 Søknadsfristen

Søknadsfrist for alle tilskotsordningane er i forkant av ungdomsrådet sitt møtet i desember. Fristen vil difor variera frå år til år.

Det skal søkjast på eige søknadsskjema.

Søknader som ikkje inneheld dei opplysningane ein ber om, og som er rimeleg å forlanga, vert ikkje handsama.

Ungdomsrådet er forplikta til å annonsere søknadsfristen i god tid før tildeling av midlane.

§ 4 Rapport

Ungdomsrådet kan krevje planar/rapport og budsjett/rekneskap i samband med løyvingane. Dersom eit tilskot ikkje vert nytta etter føresetnadane, kan ein krevje at det vert betalt attende til Voss herad. Dersom ein bryt desse føresetnadane, kan vedkomande miste retten til stønad for kortare eller lengre tid.



§ 5 Endring

Endring av retningslinjene

1. Endring av retningslinjene må godkjennast av Ungdomsrådet.
2. Ungdomsrådet kan i særlege høve dispensere frå reglane.